



201405740-21
KVEEMB 312

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Surnadal kommune.
Statkraft Energi - Trollheim kraftverk. Aggregat II.
Fråsegn til søknad om konsesjon.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering rår Fylkesmannen klart i frå at det blir gitt konsesjon til etablering av Aggregat II i Trollheim kraftverk. Hovudpunkta er som følgjande:

- Eit nytt aggregat vil ytterlegare forsterke dei negative reguleringseffektane i den eksisterande reguleringa. Dette er ikkje i samsvar med det beskyttelsesregime som følgjer med eit nasjonal laksevassdrag.
- Det er opna opp for revisjon av Folla-Vindølareguleringa. Vi kan ikkje sjå at ein bør konsesjonbehandle eit nytt aggregat uavhengig av denne prosessen.

Bakgrunn

Statkraft Energi AS søker om konsesjon til å bygge ut Aggregat II i Trollheim kraftverk. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 50 MW og gi ein årleg middelproduksjon på 40 GWh.

Trollheim kraftverk (sett i drift i 1968) har ein installert effekt på 127,5 MW og ein middelproduksjon på 805 GWh. Den eksisterande reguleringa i Surnavassdraget har gitt fleire klart negative konsekvensar med omsyn til det biologiske mangfaldet i vassdraget. Dette som følgje av endra vassføringsregime og redusert vassføring på anadrom strekning. Det er sett i gang revisjon av konsesjonsvilkåra på bakgrunn av krav frå kommunane Rindal og Surnadal (2009). I den nasjonale gjennomgangen av revisjonsobjekta vart Folla/Vindølareguleringa vurdert til å ha høgste kategori samla sett for miljøtema. Ved denne vurderinga vart derfor reguleringa sett i høgste kategori for prioritering ved revisjon. Statkraft Energi AS utarbeidde eit revisjonsdokument som var på høyring i 2014. Vi viser her til høyringsfråsegner frå kommunane, Fylkesmannen (13.10.2014) og Miljødirektoratet.

Merknader

Fisk og ferskvassøkologi

Storvassdraget Surna med sine nedre og øvre deler er eit regionalt og nasjonalt svært viktig vassdrag. Dette er vist til i mange samanhengar, ikkje minst i forarbeida til opprettinga av dei nasjonale laksevassdraga. Surna har i dag status som nasjonalt laksevassdrag. Knytt til dette følgjer eit beskyttelsesregime. Målsettinga med dette er å sikre og samtidig gje vern mot framtidige inngrep til skade for laksen. Vassdraget har i dag kvalitetar og moglegheiter

til å kunne styrke anadrome bestander i ei tid både atlantisk laks og sjøaure slit. I dette bildet står dagens kraftregulering og effektar av denne sentralt.

Vi kan m.a. nemne følgjande:

- Reguleringa har i dag sterk innverknad på *vassføringsforholda* oppstraums Trollheim kraftverk og i Vindøla. Dette skaper store negative forhold for naturleg produksjon av fisk.
- Reguleringa har vidare sterk innverknad på *temperaturforholda* i Surna nedstraums Trollheim kraftverk. Nedseinka tapping av vatn frå Follsjø gir «kalde» forhold i elva om sommaren. Dette fører til redusert vekst og utvikling av fisk og næringsdyr nedstraums kraftverket. Vidare gir reguleringa «varme» forhold i elva om vinteren som hindrar at elva får eit beskyttande lag med is.
- Mange episodar der *vasstanden i elva har gått mykje ned på kort tid*. Dette har ført til stranding av fisk. Det er påvist store forskjellar i førekomst av fiskeungar og botndyr ovanfor og nedanfor Trollheim kraftverk som relaterast til raske endringar av vassføringa. Det har funnet stad fleire oppslag i media om rask nedkøyring til uheldige tider av året og stranding av fisk, ofte i same tidsperiode som for utsetjing av fisk etter konsesjonsvilkåra. Omløpsventil (2012) er montert i kraftverket, noko som reduserer dette problemet.

Nytt Aggregat II-konsekvensar

Det går fram av søknaden at utbygginga vil føre til ei moderat endring av sesongforløpet til vassføringa i Surna. Det blir noko lågare vassføring gjennom vinteren og litt ut på våren, medan det blir noko høgare rundt snøsmeltinga. Vassføringa om sommaren blir ikkje endra i særleg grad. Vi ser likevel at auka slukeevne og effekt kan føre til meir effektkøyring. Raske endringar i vassføringa er i dag ei stor miljøbelastning i Surna, med svært negative konsekvensar for laks. I tillegg syner det seg at vasstandsreduksjonen, ned til dagens minstevassføring på 15 m³/s nedstraums Trollheim kraftverk, fører til at store areal av elva blir tørrlagt. Denne minstevassføringa er føresettt vidareført.

Som vedlegg til søknaden følgjer NINA-rapport 1099. Denne gir ein grundig gjennomgang av moglege konsekvensar for fisk på lakseførande strekning av eit Aggregat II i Trollheim kraftverk. Rapporten konkluderer med at eit ekstra aggregat i seg sjølv vil gje ein liten negativ påverknad på bestandane av laks og sjøaure. Sjølv om endringane i vassføring og vassføring isolert sett er rekna som relativt små, betyr det likevel at eit Aggregat II i alle høve ikkje vil betre tilhøva for dei anadrome artane. Surna er betydeleg påverka av regulering og eit nytt aggregat vil forsterke eksisterande reguleringseffektar. Utan vesentlege avbøtande tiltak vil utbygginga m.a. føre til:

- Ytterlegare kaldare vatn om sommaren og derfor ytterlegare redusert vekst.
- Ytterlegare effektkøyring om sommaren som svekkar smoltproduksjonen i eit område som alt er påverka av effektkøyring.
- Oppstraums kraftverket forsterkast negative effektar av bortføring av vatn både på vekst og oppvandring.

Det er i søknaden vist til fleire moglege tiltak som kan redusere negative effektar. Dette er m.a. habitattiltak, minstevassføring og vasslepp oppstraums Trollheim kraftverk. Vidare vil eit vassinntak frå overflatelaget i Follsjømagasinet vere positivt for temperatur- og veksttilhøve for ungfisk nedstraums kraftverket. Dette er også avbøtande tiltak som tidlegare er fremja i den pågåande revisjonsprosessen.

Ved etablering av eit Aggregat II vil ein kunne auke effektkøyringa av kraftverket, noko som vil gi ytterlegare kaldt vatn om sommaren. For å avbøte på dette foreslår fagrapporten m.a. at ein bør vurdere eit fleksibelt inntak som tar inn vatn frå overflata ved ulike magasinfyllingar. Fylkesmannen registrerer at utbyggar ikkje ønskjer å innfri kravet om meir naturlege temperaturforhold i vassdraget nedstraums Trollheim kraftverk, og at det blir sådd tvil om dei biologiske effektane av slik temperaturauke. Vi meiner det er dokumentert at sjølv små endringar i temperatur påverkar veksten og smoltproduksjonen. Dette er generell kunnskap om effektar av seinka vassstemperatur avdekka gjennom mange undersøkingar uavhengig av tema. Endra inntak i Follsjø er også eit av tiltaka Fylkesmannen tidlegare har spilt inn i vilkårsrevisjonsprosessen.

Mellom Rinna og Trollheim kraftverk har eksisterande regulering ført til færre flaumar og mindre vatn i Rinna/Surna (mindre overløp frå Follsjødammen). Dette har negativ effekt på vekst og overleving hos ungfisk på denne strekninga. For å bøte på dette kan gode habitatiltak vere ei løysing. Dette blir no vurdert i samband med vidareføring av dei konsesjonspålagte undersøkingane i vassdraget. Eit Aggregat II vil ytterlegare redusere flaumtoppar ovanfor kraftverket. Dette kan dermed redusere effekten av habitatplanen.

Når det gjeld minstevassføring på strekninga ovanfor Trollheim kraftverk har utbyggar foreslått 3,75 m³/s om sommaren og 0,75 m³/s om vinteren målt ved Løsetli i Rinna. Vi viser her til Miljødirektoratets høyringsfråsegn (24.10.2014) til vilkårsrevisjonen. Her blir det vist til at minste vassføring om vinteren er begrensande for smoltproduksjonen og at 0,75 m³ er for lite. Dette vil også kunne redusere effekten av ei god sommervassføring.

Det har tidlegare vore diskutert om eit kraftverk i øvre del av Rinna kan vere eit alternativ for både å produsere grøn energi og samtidig tilbakeføre vatn til øvre del av vassdraget. Dette bør diskuteras/utgreias som eit alternativ til å etablere Aggregat II i Trollheim kraftverk.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Surnavassdraget oppført som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF). Risikovurderinga viser: *Risiko for at miljømålet ikke nås innen 2021*. Regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for Møre og Romsdal vassregion (2105) har følgjande mål for Surna: *Haustbar fiskebestand, av utvalte, men ikkje alle relevante arter, som ikkje er avhengige av vedlikehaldstiltak*. Ytterlegare kraftutbygging kan påverke den økologiske tilstanden i feil retning. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Landskap

Tiltak knytt til ei eventuell utbygging som vegbygging, massetak og deponi blir vurdert til å relativt små. Vi har ikkje vesentlege merknader til dette.

Forureining

Aggregat II inneber sprenging av ny vassveg på 616 m, samt utviding av eksisterande svingekammer. Vidare skal det sprengast ut ny kraftstasjonshall og ny tilkomsttunnell på ca. 120 m. I anleggsfasen kan partiklar, slam og sprengstoffrestar m.m. frå prosessvatn og eventuelt avrenning frå deponi vere uheldig for livet i vassdraget. Fylkesmannen føreset at det gjennom detaljplan for landskap og miljø blir gjort nærare vurdering av dette. Det må også søkast Fylkesmannen om utsleppsløyve i henhold til forureiningslova § 11.

Oppsummering

Fylkesmannen vil med bakgrunn i merknadene over rå klart i frå at det blir gitt konsesjon til etablering av Aggregat II i Trollheim kraftverk.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar:

Fisk: Leif Magnus Sættem tlf. 71 25 88 57/Lars Kringstad tlf. 71 25 84 50

Kopi:

Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal
Rindal kommune, Rindalsvegen 17, 6657 Rindal
Miljødirektoratet, postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde